



Prosjektrapport

Vidare arbeid med oppvekstreforma

-Organisering og samarbeid på tvers av kommunane Bykle, Valle og Bygland

19. mai 2025

Innhold

Prosjektrapport	0
Samandrag.....	2
1. Innleiing.....	3
2. Avgrensingar	4
3. Noverande organisering – oppvekstfeltet og helse	6
3.1 Intern organisering oppvekst og helse	6
3.2 Oversikt interkommunale samarbeid – oppvekst og helse	7
3.3 Tenester innafor oppvekst og helse for barn og unge.....	8
4. Drøfting	13
4.1 Strukturar og organisering	13
4.2 Samhandling.....	15
4.3 Effektiv bruk av ressursar	17
4.4 Kompetanse.....	19
5. Forslag til tiltak	23
5.1 Innleiing.....	23
5.2 Prioriterte tiltak.....	23
5.3 Vurdering av dei ulike tiltaka:.....	24
5.4 Øvrige tiltak.....	27
6. Vedlegg.....	30
6.1 Interkommunalt samarbeid i Agder (NIVI-rapporten 2024:2):.....	30
6.2 «Kartleggingsrapport Barnevernsreforma - oppvekstreforma» (2022):.....	31
6.3 Generalistkommuneutvalget (NOU 2023:9):	32
6.4 Organisasjonskart / intern organisering av oppvekstfeltet:	34

Samandrag

Rapporten analyserer organiseringa av oppvekstfeltet i kommunane Bykle, Valle og Bygland, og vurderer og gir tilrådingar for å sikre betre samhandling, meir effektiv ressursbruk og styrke tidleg innsats for barn og unge i kommunane.

Hovudmål:

Å sikre betre samhandling og effektiv ressursbruk på tvers av kommunane for å styrke førebyggjande arbeid, tidleg innsats og koordinerte tenester rundt barn og unge.

Funn:

- Kommunane har varierende organisasjonsstruktur, noko som kan føre til utfordringar med samhandling og koordinering.
- Det er utstrekt bruk av interkommunalt samarbeid med varierende grad av struktur og effektivitet.
- Små fagmiljø er sårbare med risiko for kompetansetap og utfordringar med habilitet og personvern.
- Mangel på felles strukturer og strategiar for samhandling fører til ineffektiv ressursbruk.

Anbefalte prioriterte tiltak:

1. Harmonisering av organisasjonskart
2. Koordinering og samling av støttetjenester
3. Etablering av felles koordinerande eining
4. Opprette styringsgruppe på oppvekstfeltet

5. Samordne førebyggjande planar
6. Opprette formelle samhandlingsarenaer (på tvers av kommunane)
7. Kompetanseheving på samhandling – felles kompetanseplan

1. Innleiing

Kommunestyra i Bygland, Valle og Bykle kommunar vedtok våren 2024 å starte opp «Hovudprosjekt på oppvekstfeltet». Målet var å greie ut korleis kommunane burde følge opp det vidare arbeidet med oppvekstreforma (barnevernsreforma).

Målet med prosjektet vart seinare definert som “å leggje til rette for betre samhandling og meir effektiv bruk av ressursar, slik at kommunane er betre stilt for førebygging, tidleg innsats og koordinerte tenester”.

Det vart etablert ein prosjektorganisasjon med kommunedirektørane for dei tre kommunane som styringsgruppe og ei breitt samansett arbeidsgruppe.

Styringsgruppe:

Kommunedirektør i Valle kommune	Vidar Homme
Kommunedirektør i Bygland kommune	John Salve Sigrernes/Aslak J. Brekke
Kommunedirektør i Bykle kommune	Karina Sloth

Arbeidsgruppe:

Simon Ellingsberg	Kommunalsjef oppvekst	Bygland kommune
Leif Sigurd Helle	Kommunalsjef helse og omsorg	Bygland kommune
Hedda H. Schaanning	Barnevernleiar	Valle kommune
Torunn Charlotte Nyberg	Leiar kultur og fritid	Valle kommune
Kjetil Vik	Skulefagleg rådgivar	Bykle kommune
Kjetil Juva	Kommuneoverlege	Bykle og Valle

Arbeidsgruppa sitt mandat:

- Definere oppvekstfeltet på tvers av kommunane.
- Foreslå konkrete tiltak, og eventuell endring i organisering/struktur, for å styrke styring og samhandling i og mellom oppvekstsektorane i kommunane.

I dette ligg også å vurdere forhold som:

- Styrke laget rundt barnet
- Tidleg innsats
- Tilgjengelegheit for brukarane
- Styrke fagmiljø
- Dimensjonering av tenestene
- Effektivisering/gevinstrealisering

I den grad prosjektgruppa vurderer at organiseringa av oppvekstfeltet i den enkelte kommune er eit hinder for å oppnå måla, er den beden om å peike på dette.

Prosjektplanen avgrensar oppvekstfeltet til å omhandle følgjande tenester: Barnehagar, skular, Psykisk helse og familiestøtte, helsestasjon, skolehelsetenesta, jordmortenesta, legetenesta, psykologisk-pedagogisk teneste (PPT), barnevern, kulturskole, Kultur og fritid, NAV, Koordinerande eining og koordinatorfunksjonane for barn og unge.

Arbeidsgruppa har i tillegg tatt med fysioterapitenesta.

Dette dokumentet er arbeidsgruppa sin prosjektrapport til styringsgruppa.

2. Avgrensingar

Arbeidsgruppa er opptatt av å bidra til å nå målet med prosjektet, men vurderer å ha eit svært breitt oppdrag. Vi ser det som for omfattande å vurdere kvart enkelt tenesteområde opp mot alle forhold lista opp i mandatet.

Universelle tiltak bør starte så tidleg som mogeleg og femne om så mange som mogleg for å ha god effekt, og vi har derfor vald å ha hovudfokus på tidleg innsats og tiltak vi meiner kan styrke laget rundt barnet. Tidleg innsats er spesielt viktig fordi tidlege tiltak kan førebyggje utfordringar seinare i livet, gi barn betre føresetnader for læring og utvikling, og redusere behovet for meir omfattande støtte seinare. Vi har også sett på om det er strukturelle forhold som vanskeleggjer ein samla innsats rundt dette.


Etter ei lengre fase med vurderingar har arbeidsgruppa kome fram til å avgrense rapporten til å sjå på følgjande forhold:

1. **Organisering** – korleis kan vi best mogleg organisere kommunane for betre samhandling og ressursutnytting?
2. **Samhandling** - kva er samhandling, kvifor er dette viktig på oppvekstfeltet og kva skal til for betre samhandling på systemnivå og kring det enkelte barn?
3. **Ressursbruk**
4. **Kompetanse** - korleis kan vi sikre nok kompetanse i sårbare tenester og nytte kompetansen betre både internt i kommunane og på tvers av kommunane?

Ulike nivå av førebygging

Førebyggingstrekanten er ein modell som ofte blir brukt for å illustrere ulike nivå av førebyggjande tiltak, spesielt innanfor område som helse og oppvekst. Modellen illustrerer også på kva for nivå dei ulike tenester har sine primæroppgåver.

Modellen deler førebyggingstiltak inn i tre nivå:



1. **Universell førebygging – grønt nivå:** Tiltak som rettar seg mot heile befolkninga eller store grupper for å fremje generell helse og trivsel. Døme kan vere folkehelsekampanjar eller skuleprogram som fremjar inkludering og demokrati.
2. **Selektiv førebygging – gult nivå:** Tiltak som rettar seg mot grupper eller individ som har høgare risiko for å utvikle problem. Dette kan inkludere spesifikke program for ungdom i utsette miljø eller støtte til familiar med utfordringar.
3. **Indikativ førebygging – raudt nivå:** Tiltak som rettar seg mot individ som allereie viser teikn på problem eller er i ein tidleg fase av ei negativ utvikling. Dette kan inkludere intervensjonar for personar som er i ferd med å bli radikalisererte eller som har byrja å vise åtferdsproblem.

Arbeidsgruppa har fokusert på samarbeidsstrukturar, internt og på tvers av kommunane, og hovudsakleg på tenestene på *selektivt* (gult) og *indikativt* (raudt) nivå. Dette er nivå der det er sannsynleg at kommunane er for små til å løyse oppgåvene sjølve, ut frå tilgang på kompetanse og ressursar.

Arbeidsgruppa har i noko mindre grad gått inn på strukturelle og organisatoriske forhold innafor *universelt* (grønt) nivå, altså generelle tilbod og tiltak tilgjengelege for alle barn og unge, uansett behov, som barnehage og skule. Dette fordi denne strukturen er ein del av ei større politisk diskusjon. Dette betyr ikkje at desse tenestene ikkje kan ha nytte og utbyte av meir lik organisering, og effektivisere og ha gevinst av meir samarbeid på tvers av kommunane. Nokre av anbefalingane vil kunne gjere grønt nivå meir harmonisert, og fremje samarbeid og samhandling på tvers av kommunane på desse områda.

3. Noverande organisering – oppvekstfeltet og helse

3.1 Intern organisering oppvekst og helse

(Vedlegg: Organisasjonskart s. 36-37).

Bygland:

- Kommunalsjefar for tre tenesteområde: Oppvekst, Helse og omsorg og Samfunn.
- Vertskommune for jordmorsamarbeidet med Evje og Hornnes kommune, medan legetenestene har Evje og Hornnes kommune som vertskommune.

Valle:

- Einingsleiarar for skule, barnehage, Kultur og fritid, Pleie og omsorg, teknisk eining og økonomi. Leiarar rapporterer direkte til kommunedirektør.
- Vertskommune for PPT og barnevern for Bykle, Valle og Bygland, leiar rapporterer til ei styringsgruppe.
- Vertskommune for interkommunalt kulturskuletilbod i folkemusikk, rapporterer til politisk nivå.

Bykle:

- Same struktur som Valle.
- Vertskommune for helsesamarbeidet i Bykle og Valle, som omfattar legetenesta, jordmortenesta, helsestasjon og skulehelsetenesta, psykisk helse og fysio- og ergoterapitenesta. Tenesteleiar helse rapporterer til ei styringsgruppe sett saman av kommunedirektørane i Bykle og Valle kommunar.

3.2 Oversikt interkommunale samarbeid – oppvekst og helse

	Bykle	Valle	Bygland	Andre
Økonomisk og administrativt samarbeid:				
PPT		Vert		
Barnevern		Vert		
Kulturskole folkemusikk		Vert		
IKT-Agder				IKT-Agder
NAV Midt-Agder				Vennesla
Pleie og omsorg (koordinerende eining)				
Lege/legevakt	Vert			Evje og Hornnes vert
Jordmor	Vert		Vert	EH
Skolehelseteneste	Vert			
Psykisk helseteam barn/unge	Vert			
Psykisk helse og familie	Vert			
Fysioterapi	Vert			
Helsestasjon	Vert			
Kulturskole ordinær				EH vert
Fagsamarbeid:				
Helsenetteverket				Region Setesdal
Barnevernnettverket				14 kommunar (med barneverntenestene Lister, Lindesnes og Midt-Agder)
Rektor- og styrarnettverk				EH + Åseral

Grønt	Alle tre kommunar samarbeider, i nokre tilfelle med andre kommunar i tillegg
Oransje	Bykle og Valle samarbeider
Blått	Bygland samarbeider med andre kommunar
Gult	Kommunen driftar sjølv

3.3 Tenester innafor oppvekst og helse for barn og unge

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

PPT i Bygland-, Valle- og Bykle kommune er i vertskommunesamarbeid med Valle som vertskommune. PPT er ei uavhengig rådgjevande teneste som skal hjelpe barnehagar og skular med tilrettelegging for barn som har behov for tilpassa opplæring og andre tiltak. Ny opplæringslov legg vekt på rolla PPT har i det førebyggjande arbeidet og i arbeidet med å skape inkluderande læringsmiljø i skular og barnehagar. PPT har møtepunkt med alle barnehagar og skular i de tre kommunane.

PPT er sentral i laget rundt barn som treng individuell oppfølging. I tillegg kjem systemsaker og arbeid med ulike utviklingsprosjekt og førebyggande arbeid.

Koordinerande eining, koordinator og barnekoordinator

Koordinerande eining (KE) er ein funksjon som skal bidra til å sikre heilskapleg tilbod til pasientar og brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester (sosial, psykososial og/eller medisinsk habilitering og rehabilitering). KE skal – enkelt sagt - “koordinere laget rundt mennesket”.

KE koordinerer blant anna oppretting av individuell plan, samt oppnemning av koordinator (inkl. barnekoordinator for familiar som har eller venter barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, og som vil ha behov for koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester).

I Valle og Bykle kommunar er det leiar for pleie og omsorg i kvar kommune som har funksjonen som koordinerande eining. I Bygland kommune er det inntaksnemnda i helse- og omsorg som er koordinerande eining, leia av kommunalsjef helse og omsorg.

Det er relativt få personar med rett på/behov for individuell plan og koordinator eller barnekoordinator. Samstundes har funksjonen stor tyding for den enkelte som har dette behovet, og rolla er viktig for å hjelpe med å manøvrere i tenesteapparatet. Dette er både viktig for å gi familiare nødvendig støtte i kvardagen og å unngå overforbruk av tenester.

Forløpskoordinator

Forløpskoordinatorer er ein funksjon som ble innført ved etablering av pakkeforløp, til dømes pakkeforløp for kreft og for psykisk helse og rus. Relevant for oppvekstfeltet kan vere barn og unge som er i eit pakkeforløp pga. utfordringar med psykisk helse og/eller rus, og dermed har rett på en forløpskoordinator.

I alle tre kommunane er tildeling av forløpskoordinator lagt til koordinerande eining. Dersom personen allereie har koordinator/barnekoordinator i kommunen, følgjer denne opp.

Grunnskole, barnehage og skulefritidsordninga (SFO)

Kommunane i Setesdal, inkludert Åseral og Evje og Hornnes, har allereie eit etablert samarbeid innanfor skule- og barnehagesektoren. Dette omfattar mellom anna felles munnleg eksamensgjennomføring, rektornettverk og fagsamarbeid for ungdomsskulane. Innføre utviklingsarbeid har Bygland i si seinaste satsing med nasjonale midlar samarbeidd med Åseral og Evje og Hornnes, medan Valle og Bykle har hatt sitt eige samarbeid. Moglegheit for felles samlingar på ettermiddag eller planleggings dagar legg føringar for kva som er enklast å organisere.

Når det gjeld tilvisingar frå barnehage og skule til PPT har kommunane ulike krav, og det er behov for betre koordinering. For barnevern er det nasjonalt lovverk som gjeld, og i tillegg har kommunane ein felles lokal handlingsplan for samarbeid med denne tenesta. Dette gir eit godt grunnlag for vidare utvikling.

Administrativt kan det vere mogleg å effektivisere saksbehandling, til dømes ved felles arbeid med forskrifter og saksframlegg. Slik koordinering skjer allereie i dag ved utforming av forskrifter, men saker som krev politisk handsaming må alltid vedtakast av det enkelte kommunestyre, og ønskje om lokale tilpassingar avgrensar ofte moglegheitene for full samordning.

Psykisk helse

Tenesta Psykisk helse og familiestøtte er organisert som vertskommunesamarbeid i Bykle og Valle, med Bykle som vertskommune. I Bygland inngår tenesta i avd. for helse og livsmeistring. Tenesta er ansvarleg for å førebygge, diagnostisere og behandle innanfor psykisk helse og avhengigheit. Tenesta er tverrfagleg samansett og det er tett samarbeid med dei andre tenesteområda i kommunen, samt spesialisthelsetenesta.

Psykisk helse vil primært ha ei rolle som rettleiar for «laget rundt barnet», og kan tilføre fagkompetanse til andre fagmiljø. Tenesta har en viktig rolle ved meir alvorlege psykiske lidingar som treng tidleg innsats i form av spesialisert behandling.

Helsestasjon og skulehelsetenesta

Helsestasjon og skulehelsetenesta er organisert som vertskommunemodell i Bykle og Valle, med Bykle som vertskommune, medan tenesta i Bygland er i avd. helse og livsmeistring. Tenesta er sentral i det helsefremmande og førebyggjande arbeidet blant gravide, barn og ungdom 0-20 år og deira føresette. Helsestasjons- og skulehelsetenesta skal ivareta eit heilskapleg førebyggjande og helsefremmande arbeid gjennom å

- fremje psykisk og fysisk helse
- fremje gode sosiale og miljømessige forhold
- førebygge sjukdom og skade

Helsestasjon og skulehelsetenesta er sentrale i «laget rundt barnet» og tidleg innsats, ved at dei møter familiane tidleg, og gjennom både tilgjengelegheit og fagleg kompetanse. I dette inngår og helsestasjonslegane, som også er fastlegar, og kan fungere som samhandlingsaktørar inn mot dei einskilde barna sine fastlegar og spesialisthelsetenesta.

Jordmortenesta

Jordmortenesta er organisert etter vertskommunemodell i alle tre kommunane. Bykle er vertskommune for Bykle og Valle , medan Bygland er vertskommune for Bygland og Evje og Hornnes.

Jordmortenesta har oppfølging og kontrollar i svangerskapet, heimebesøk og etterkontroll etter fødsel. Denne tenesta – som helsestasjonen - møter familiene tidleg. Jordmødrene kan ofte identifisere potensielle oppvekstutfordringar allereie på dette tidspunktet. Såleis har jordmortenesta ei viktig samhandlingsrolle inn mot «laget rundt barnet» og tidleg innsats.

Fysioterapitenesta

Fysioterapitenesta er organisert som vertskommunemodell i Bykle og Valle, der Bykle er vertskommune, medan Bygland har fysioterapeut med driftsavtale. Tenesta tilbyr diagnosespesifikk behandling, rehabilitering og habilitering, samt førebauande tiltak også for barn og unge.

Hos enkelte brukargrupper har fysioterapitenesta har ei rolle som varetek heilskapleg helse.

Legetenesta

Legetenesta er organisert som vertskommunemodell i alle tre kommunane. For Bykle og Valle er Bykle vertskommune, medan Evje og Hornnes er vertskommune for felles helseteneste med Bygland.

Legetenesta si primæroppgåve er fastlegetenester og legevakt. I «laget rundt barnet» vil legetenesta hovudsakleg ha ei rolle som samhandlingspart, og som tilvisande instans for barn og unge som treng meir spesialisert hjelp og behandling. Fastlegane har og ein viktig funksjon som varetek helsemessig heilheit. Derfor er samhandling - kommunikasjon og informasjonsflyt - med fastlegane sentralt.

Barnevernstenesta

Barnevernstenesta er eit interkommunalt samarbeid mellom Bykle, Valle og Bygland. Føremålet med den kommunale barnevernstenesta er å sikre barnets rettar til beskyttelse og omsorg, og å fremje ein trygg oppvekst gjennom tiltak som styrker og støtter både barnet og familien.

Barnevernstenesta tilbyr støtte, omsorg og beskyttelse til barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling. Tenesta er ansvarleg for å sikre at barnets beste blir ivaretatt i alle vurderingar og avgjersler.

Kultur og fritid

I Bykle og Valle er Kultur og fritid egne einingar, medan Bygland er i ein prosess som ser ut til å føre til at i alle fall delar av kultur og fritid vil bli lagt til kommunaldirektør for oppvekst sitt tenesteområde.

Det er store skilnader på dimensjonering av tenesta: Bykle har 10,4 årsverk, Valle 4,4 og Bygland 3. Bykle og Bygland har frivilligsentral. I alle tre kommunane samarbeider kultur mykje innaføre eiga eining og med andre einingar, frivillig sektor og andre. Dei tre kommunane har ikkje noko formalisert samarbeid innaføre kulturområdet, med unntak av interkommunal UNESCO-satsing i oppvekst (barnehagar, skular, kulturskular). Den interkommunale UNESCO-satsinga har ikkje berre eit fagleg perspektiv, men har også eit sosialt: Det er ei klar målsetting at opplæringa skal gi elevane eit avbrekk i kvardagen, og vere med på å byggje eit fellesskap på tvers av kommunegrensene, basert på felles erfaringar og opplevingar – felles identitetsbygging. Dette perspektivet blir ytterlegare støtta opp og forsterka av at alle 6. og 10.klassane samlast på felles temadag på Setesdalsmuseet to gongar per skuleår.

Elles har kommunane felles UKM-festival (Ung kultur møtast) på Hovden kvart år, og ut over det førekjem nokre sporadiske samarbeid, men i mindre grad dei siste åra enn tidlegare.

4. Drøfting

I denne drøftinga vil vi sjå på sentrale utfordringar og moglegheiter knytt til organisering, samhandling, ressursbruk og kompetanseutvikling på oppvekstfeltet. Målet er å identifisere tiltak som kan bidra til å styrke laget rundt barnet, sikre betre utnytting av ressursar og fremje tidleg innsats. Drøftinga byggjer på vurderingar frå arbeidsgruppa, erfaringar frå kommunane og relevante faglege anbefalingar.

4.1 Strukturar og organisering

Effektiv ressursbruk

God organisering og riktig dimensjonering er avgjerande for å sikre effektiv drift og optimal bruk av ressursar. Ein tydeleg struktur gir klare ansvarsforhold, gode kommunikasjonslinjer og effektiv koordinering mellom ulike einingar og funksjonar. Dette bidreg til at ressursane blir nytta på ein måte som aukar produktiviteten og reduserer unødvendige kostnader.

Dersom organisasjonen er for stor i forhold til behova, kan det føre til byråkrati, tungrodd prosessar og sløsing med ressursar. Er den derimot for liten, risikerer ein overbelasta tilsette, flaskehalsar og manglande kapasitet til å løyse oppgåver effektivt. Ei balansert dimensjonering er derfor viktig for å fordele arbeidsmengda på ein hensiktsmessig måte og for å sikre at organisasjonen raskt kan tilpasse seg endringar – både internt og i omgjevnadene.

Trygge medarbeidarar

Ein godt organisert arbeidsplass legg også grunnlaget for motivasjon, tryggleik og trivsel blant tilsette. Når roller og ansvar er tydeleg definerte, blir det mindre rom for forvirring og konflikt, og medarbeidarane kan konsentrere seg om oppgåvene sine med større tryggleik og effektivitet.

Klare strukturar gir også rom for innovasjon og kontinuerleg forbetring. Når rammene er trygge, blir det lettare å vere fleksibel og tilpassingsdyktig. Dette er spesielt viktig i møte med framtidige utfordringar, der offentleg sektor – og oppvekstfeltet spesielt – truleg vil

møte reduserte ressursrammer. For å møte dette må ein tenkje nytt om arbeidsprosessar og i større grad ta i bruk digitale verktøy og løysingar.

Tydeleg retning og leiing

For at ein organisasjon skal fungere godt, er det avgjerande med tydeleg og kompetent leiing. Leiarar har ei nøkkelrolle i å setje retning, motivere medarbeidarar, ta strategiske avgjerder og sørge for at organisasjonen når måla sine. Dei fungerer som bindeledd mellom ulike nivå og bidreg til å omsetje overordna mål til konkrete handlingar i kvardagen.

Utan god leiing kan ein organisasjon lett bli prega av manglande styring, dårlege avgjersler, lågt engasjement blant tilsette, unødvendig bruk av ressursar og dårleg koordinering – både på individnivå og i strukturen. Difor er både god organisering og tilstrekkeleg leiarkapasitet heilt sentralt for å sikre effektiv drift, måloppnåing og optimal ressursbruk.

Over til trenivåmodell

Arbeidsgruppa vurderer at dagens tonivåmodell ikkje er godt nok eigna til å sikre god samhandling, strategisk styring og berekraftig bruk av ressursar i eit så komplekst område som oppvekstfeltet. Erfaringar viser at modellen heller fører til dårleg koordinering og flaskehalsar i arbeidsflyten.

Arbeidsgruppa si anbefaling er derfor å harmonisere kommunane si organisering, og sektorinndelege tenestene i ein trenivåmodell. Sektorinndeling vil kunne sikre betre samhandling internt i kvar kommune, samtidig som det vil kunne forenkle samhandlinga på tvers av kommunane fordi ansvaret for samarbeid og samhandling då vil ligge til dedikerte funksjonar/roller. Eit slikt mellomleiarinnivå vil i tillegg ha som effekt at det frigjer arbeidskapasitet hos toppleiar, og med det føre til smidigare og meir effektive arbeidsprosessar på alle nivå.

Trenivåmodellen legg også betre til rette for nettverksbygging og kompetansedelning på det grønne nivået, der dei universelle tenestene som barnehage, skule og kultur/fritid høyrer heime. Slike samarbeid kan føre til meir effektiv bruk av ressursar og betre utnytting av kompetanse. Innafor kultur og fritid kan auka samarbeid gi større aktivitetstilbod, meir variasjon og breidde – noko som igjen kan styrke fellesskap, sosiale nettverk og inkludering for barn og unge.

Modellen kan også gi betre oversikt for innbyggjarane, og gjere det enklare å bruke og leie ei eventuell førebyggjande barne- og familieeinining som opererer på tvers av kommunane. Med ei tydelegare organisering kan ein i større grad sikre ein god “veg inn” til tenestene, og dermed auke sjansen for at barn og familiar får rett hjelp til rett tid.

Tillit, habilitet og nærleik

Tilstrekkeleg samhandling og samarbeid mellom dei tre kommunane kan i tillegg gi nødvendig og betre avstand mellom brukar og tenesteutøvar. Habilitet og nærheit kan til tider vere utfordrande i dei små kommunane, og kan svekke tilliten innbyggjarane har til kommunen og «systemet». Ved å dele på og nytte kompetanse og ressursar samla, på tvers av kommunegrenser, kan denne risikoen reduserast betrakteleg, noko som vil kunne styrke tilliten og senke terskelen for å be om hjelp. Samtidig vil samhandling mellom kommunane gi innbyggjarane nødvendig nærleik til tenestene, fordi dei tre kommunane samla sett vil ha eit breitt spekter av kompetanse i tenesta.

4.2 Samhandling

Samhandling som føresetnad for rett hjelp

I følgje [Nasjonale veileder](#) skal velferdstenestene samarbeide både for å ivareta eigne tenester og for at andre tenester skal kunne ivareta sine oppgåver. At tenestene jobbar saman om oppvekst- og læringsmiljø er ein føresetnad for at barn og unge som treng det skal få rett hjelp til rett tid. Barn og unge skal involverast i samarbeid på systemnivå, til dømes gjennom brukarråd og ungdomsråd, og på individnivå. Ved samarbeid på systemnivå legg ein til rette for samarbeid på individnivå.

Komplekse strukturar i små kommunar

For at samarbeid mellom tenester skal fungere godt, må sektorane kjenne kvarandre og vite korleis dei er organisert. Det må også vere tydeleg kven som har ansvar for samordning i kvar kommune, slik at både barn og foreldre veit kven dei skal kontakte. Sjølv om dei tre kommunane er små og har korte administrative linjer, er strukturen likevel kompleks. Tenestene er plasserte på ulike nivå i dei ulike kommunane, og den interne organiseringa varierer. I tillegg er det interkommunale samarbeidet innan

oppvekstfeltet organisert på tvers av kommunegrensar, med ulike samarbeidskonstellasjonar. Dette blir også peika på i [NIVI-rapporten](#) om interkommunalt samarbeid i Agder.

Desse forholda styrkar arbeidsgruppa si vurdering av at det er både tidkrevjande og organisatorisk utfordrande å få til eit heilskapleg samarbeid om oppvekst- og læringsmiljø innanfor dagens organisering – og at det truleg også fører til ineffektiv ressursbruk.

Behov for felles strategiar og strukturharmonisering

Å etablere og leie nettverk for samhandling er krevjande. På den eine sida er det behov for å forenkle og samordne strukturane, men samtidig må kvar kommune ha rom for å tilpasse seg sine egne behov. Dette skaper eit spenn mellom behovet for felles løysingar og ønsket om lokal fleksibilitet.

Eit sentralt spørsmål blir derfor: I kor stor grad kan dei tre kommunane, trass i desse motstridande behova, bli einige om felles strategiar for samarbeid og samhandling? Og vidare – er det i det heile mogleg å unngå unødvendig bruk av tid og ressursar, som til dømes å delta i «doble nettverk», utan å samordne og harmonisere strukturane ein skal samarbeide innanfor?

Det næraste laget

Ein måte å bygge gode samarbeidsteam på er å definere kva for tenester som til ei kvar tid skal vere involvert i *det næraste laget* rundt barnet: La oss som eit døme tenkje oss at næraste laget rundt barn 0-6 år skal vere jordmortenesta, helsesjukepleiar, fysioterapeut og barnehage, forsterka av PPT og barneverntenesta. Det som utfordrar fagleg samarbeid på tvers av dei tre kommunane for dette *næraste laget* er at nokre av aktørane høyrer til i nettverk med andre kommunar, der det også er lagt opp til samarbeid og nettverk. Men skal ein la dette vere ei hindring når elles geografi, folketalsutvikling og felles utfordringsbilete tilseier at andre konstellasjonar kan vere meir føremålstenlege?

Sårbarheit i uformelt samarbeid

Dei tenestene som er tettast på, og som spelar ei heilt grunnleggjande rolle når det gjeld *førebyggjande* arbeid retta mot barn og unge, er barnehage, skule og kultur og fritid.



Innaføre desse tenestene er det nokså enkelt å få til enkle formar for samarbeid, som felles fagtreff og kompetansenettverk innaføre dagens organisering. Samtidig så veit ein jo at samarbeid som ikkje er formaliserte, som er basert på “den gode vilje” og meir eller mindre tilfeldig samanfallande behov og ønskje, er langt meir sårbare og uføreseielege enn samarbeid forankra både på politisk og administrativt nivå. Vi veit også at ein grunnleggjande føresetnad for føreseieleg og stabilt samarbeid er tydeleg leiing og struktur. Samhandling skjer ikkje av seg sjølv, og kommunane pliktar å styre og leie slik at samhandling kan finne stad.

Styrking av både fagmiljø og sosiale fellesskap

Avslutningsvis, ein refleksjon over korleis forpliktande samarbeid kan styrke både fagmiljø og sosiale fellesskap for barn og unge – med positive ringverknader på lang sikt: Forpliktande samarbeid mellom tenestene, både internt i kvar enkelt kommune og mellom dei tre kommunane, vil kunne føre til ei betydeleg styrking av fagmiljøet knytt til arbeidet på grønt nivå. Dersom slikt samarbeid også omfattar og involverer målgruppa - altså barn, unge og foreldre – vil positive sideeffektar kunne vere større læringsmiljø og større og fleire sosiale fellesskap. Vi meiner allereie å kunne sjå tendensar til dette som ein effekt av UNESCO-samarbeidet i oppvekst.

Dette vil dei unge ha med seg som ein ressurs når dei flyttar ut for å gå på vidaregåande skule - og resten av livet.

4.3 Effektiv bruk av ressursar

Forsking understrekar tydinga av å investere i tidleg barndom for å oppnå både økonomiske og sosiale gevinstar (Heckman). Dette kan vere ein viktig del av strategien for å betre ressursbruken i kommunal sektor. Dei tre kommunane har ulikt økonomisk handlingsrom, men det er likevel avgjerande for alle kommunane å utnytte ressursane på best mogleg måte. Det bør vurderast moglegheiter for felles økonomiske tiltak, som felles innkjøp, deling av ressursar og tenester samt samarbeid om større prosjekt.

Solid og godt fungerande førstelinjeteneste

Ei velfungerande førstelinjeteneste er kjenneteikna ved at ho er lett tilgjengeleg, kunnskapsbasert og responderer raskt på førespurnader og tilvisingar.

Tiltak for å styrke førstelinja:

- Kompetanseutvikling og -deling mellom kommunane
- Betre koordinering mellom tenester for ein meir heilskapleg innsats
- Bruk av teknologi for å forbetre tenesteleveransen

Samarbeid og fleksibilitet

Kommunane er små og har få spesialiserte nøkkelpersonar innan oppvekstfeltet, og er sårbare ved fråvær eller vakansar. Ei mogleg løysing kan vere etablering av eit felles førebyggjande ressurscenter eller interkommunale team.

For å sikre effektiv drift bør det utviklast eit tydeleg organisasjonskart og standardiserte rutinar og prosedyrar på tvers av kommunane i tråd med kommunelova.

Målretta innsats

Fysisk nærleik til innbyggjarane, samarbeid og datadeling gjer det mogeleg å tilpasse og i stor grad skreddarsy tenester. Ved å arbeide på tvers av kommunegrensene kan ein sikre at tenesta har den nødvendige kompetansen, og også tilstrekkeleg avstand til den enkelte brukar. For å sikre at ressursane blir brukt effektivt må tiltak vere evidensbaserte og evaluerast kontinuerleg, slik at ein identifiserer beste praksis og kva for tiltak som gir størst effekt.

Digitalisering

Under koronapandemien blei digitale konsultasjonar godt mottatt. I kommunar med lange geografiske avstandar kan dette vere ei ressursparande og brukarvenleg løysing. Ordningar med digital rådgjeving og rettleiing for ungdom, som digital helsestasjon, har vist seg etterspurt og vellykka. Ved å samarbeide om felles digitale rådgjevingstenester, i staden for at kvar kommune driftar si eiga, kan kommunane styrke kvaliteten på tenesta. Sjølvbeteningsløysingar kan gi brukarane betre tilgang til tenester, fremje eigenmeistring og samtidig avlaste tenesteapparatet.

Digitalisering gir nye moglegheiter for effektiv ressursbruk:

- Automatisering av rutineoppgåver for å frigjere tid
- Felles kommunikasjonsplattformer for samordning
- Bruk av kunstig intelligens for å forbetre beslutningsprosessar og effektivisering av skriftleg arbeid

4.4 Kompetanse

Små kommuner kan ha begrenset kapasitet og kompetanse fordi ressursene er små i alle ledd i organisasjonen. Flere offentlige utvalg har foreslått ulike former for interkommunalt samarbeid for å kompensere for små fagmiljøer og lav kompetanse. Forslagene peker blant annet på behovet for støtte til koordinering og samhandling som kan styrke kapasiteten. (NOU 2022: 13; NOU 2023: 27; NOU 2024: 8)

Kompetanse

Sandefjord kommune har gjennomført eit svært omfattande arbeid med eit eige «Kompetanserammeverk» for oppvekstområdet. Dei har analysert alle krav og forventningar til oppvekstområdet og vurdert kva kompetansar det føreset hos dei tilsette i tenestene. Dei har starta opp med å analysere kva basiskompetanse alle tilsette bør ha; «Kompetansebaseline». Kompetansen blir delt inn i tre område; Relasjonskompetanse, Fagkompetanse og Organisasjonskompetanse.

Arbeidsgruppa har ei brei tilnærming til «laget rundt barnet», slik Bronfenbrenner skildrar det i sin *utviklingsøkologiske modell* (Bronfenbrenner, 2005).

Kompetanse vil vere av betydning for alle på laget.

Drøftinga i dette kapitlet handlar i hovudsak om støttetjenestene, men vil også kunne gjelde 1. linjetenestene. Arbeidsgruppa

er oppteken av tydinga av ei solid og kompetent 1. linje, der folk er.


Praksis skjer i ein kontekst og vil vere prisgitt tilsette sin kunnskap (forskningsbasert og erfaringsbasert) samt brukarkunnskap og brukarmedverknad. Det er kunnskapsbasert praksis.

Små fagmiljø og små organisasjonar vil ha ein potensiell sårbarheit. Tilfanget av forskningsbasert kunnskap, erfaringsbasert kunnskap og brukarkunnskap og brukarmedverknad kan/vil vere avgrensa.

Kompetansen i fagmiljø og/eller organisasjon kan potensielt vere mangelfull eller skeiv. Ein naturleg konsekvens er at ein søker å rekruttere generalistar. Det kan bidra til brei kompetanse, men kan gå på kostnad av meir spesifikke kompetansar.

Samhandling

Små organisasjonar og fagmiljø vil med korte linjer og god oversikt ha eit svært godt utgangspunkt for å gi koordinerte tenester. Det vil vere overkomeleg å samle «alle» på laget.



Gode samhandlingsrutinar kan i ein grad bidra til å kompensere for sårbarheita til små einingar. Gjennom tydelege forventingar til samarbeid og samhandling, og formelle nettverk, kan ein koordinere og auke tilfang og deling av kunnskap og kompetanse. Gjennom samarbeid og samhandling kan ein også tilføre kvarandre *kapasitet*. Eit døme kan vere at Kultur og fritid gjennom samarbeid kan klare å løfte store arrangement som ein kvar for seg ikkje har verken ressursar eller kapasitet til. Eller ved at ein har felles aktivitetar som til dømes juleball, turar, konsertar og workshops. Ikkje berre tilfører dette tenesta meir kapasitet, men slike samarbeid kan også gjere det meir utviklande og attraktivt å jobbe i den aktuelle tenesta, og dermed føre til meir tilfredse medarbeidarar. Nettverk er også viktig for å hente inspirasjon, utveksle idear og dele erfaringar. Og, ikkje minst: Barn og unge vil kunne oppleve meir meining og samanheng i tilværet, både ved at dei er ein del av eit større fellesskap og samtidig har fleire valmogelegheiter.

Samtidig er det slik at deltaking i ulike nettverk kan krevje ein stor del av kapasiteten til tenesta.

Organisatorisk fleksibilitet handlar om evna til å tilpasse seg utfordringar. Små tenester og organisasjonar vil vere enkle å manøvrere, samtidig som det kan bli svært krevjande når ein har avgrensa kapasitetar å flytte på.

Små fagmiljø og små organisasjonar kan oppleve det som utfordrande å oppretthalde nødvendig kompetanse, spesielt når nøkkelpersonar sluttar i sine stillingar. I slike situasjonar blir det avgjerande at ein har formaliserte strukturar og planar for kunnskapsoverføring.

Små fagmiljø og små organisasjonar kan vere spesielt sårbare på grunn av avgrensa ressursar og/eller få tilsette. Det bør alltid vurderast om tenesta har tilstrekkeleg og føreseieleg bemanning for å oppretthalde kontinuitet og kvalitet i arbeidet.

Fysisk samlokalisering kan gjere samhandling meir intuitivt og spontant, og kan redusere sårbarheita ved små einingar. Samtidig er det slik at tenestene ofte skal ytast der folk er. Samlokalisering vil truleg føre til meir bruk av tid til reising, noko som kan sluke tid som burde vore brukt på sjølvne samhandlinga. For enkelte, og i nokre samanhengar, kan samlokalisering vurderast, men i mange tilfelle vil digitale verktøy kunne redusere behovet.

Samhandlingskompetanse

Det går an å skilje på fag-/tenestespesifikke kompetansar og meir generelle kompetansar slik som samhandling, offentleg forvaltning, økonomi, personal, leiging med meir.

Kartleggingsrapporten anbefaler at kommunane styrker kompetansen på førebyggjande arbeid og leiging. Det er gjennomført ei rekke tiltak dei siste åra for å styrke det førebyggjande arbeidet. Det har i varierende grad vore arbeidd med leiingskompetansen.

Arbeidsgruppa har gjennom sitt arbeid blitt oppteken av samhandlingskompetanse og leiging av samhandling. Samhandling skjer ikkje av seg sjølv. Skal vi bli betre stilt for førebygging, tidleg innsats og koordinerte tenester vil det krevje utstrekt samhandling og leiging.

Utvikling av samhandlingskompetanse vil krevje auka kompetanse på alle nivå og over tid etablering av ein samhandlingskultur.

Eit bidrag kan vere tydeleg formalisering av organisatoriske strukturar på alle nivå som stimulerer til samhandling, i motsetning til strukturar som minner meir om siloar.

Strukturane må vere godt kjende i organisasjonane, og kvar enkelt må vite og kjenne seg trygg på sitt ansvar og si myndigheit inn i desse strukturane. Det må i tillegg setjast av kapasitet til koordinering.

5. Forslag til tiltak

5.1 Innleiing

Struktur på grønt nivå – skular, barnehagar, kultur og fritid - skal i stor grad avgjerast internt i kvar enkelt kommune. Slik arbeidsgruppa ser det betyr ikkje ulik intern struktur på dette nivået at desse tenestene ikkje vil ha nytte av tiltaka arbeidsgruppa foreslår. Felles mål, felles planar, felles implementering av nye løysingar og ei meir samordna organisering er tiltak som vil gjere det enklare å samarbeide på tvers av kommunane på dette nivået. Ved å harmonisere alle nivå i førebyggingsmodellen kan ein byggje opp ein kultur for godt samarbeid, betre arbeidsflyt og meir effektiv bruk av ressursar både innan og på tvers av tenestene.

5.2 Prioriterte tiltak

Rapporten foreslår ei rekke tiltak for å leggje til rette for og styrke samhandling, ressursbruk og kompetanseutvikling innan oppvekstfeltet i Bygland, Valle og Bykle.

Oppsummerte tiltak etter prioritet:

Prioritet	Tema	Tiltak
1	Organisering og samhandling	1. Harmonisering av organisasjonskart
	Samhandling	2. Koordinering og samling av støttetjenester
	Kompetanse	3. Etablering av felles koordinerende eining (KE, BK, FK)
	Samhandling	4. Opprette ei felles styringsgruppe på oppvekstfeltet

2	Samhandling	5. Samordne førebyggjande planar
	Organisering og samhandling	6. Opprette formelle samhandlingsarenaer
	Kompetanse	7. Kompetanseheving på samhandling – felles kompetanseplan

5.3 Vurdering av dei ulike tiltaka:

1. Harmonisering av organisasjonskart

→ *Harmonisere organisasjonsstrukturen i dei tre kommunane, primært gjennom innføring av ei sektorinndeling. Dette vil innebære overgang frå dagens varierende organisasjonsmodellar til ein felles trenivåstruktur, der oppvekstrelaterte tenester blir organisert under éin sektor.*

Fordelar:

- Betre samanheng og mogleg samarbeid mellom tenester på tvers av kommunane og internt i kommunane.
- Meir heilskapleg og effektiv leiing og tydelege ansvarslinjer.
- Enklare å koordinere felles prosjekt og samarbeidsformer, noko som kan vere ressursparande.

Utfordringar:

- Krev tilpassing i kvar kommune og kan møte motstand frå eksisterande strukturar.
 - Implementeringa må sikre at lokalt tilpassa behov framleis blir ivaretekne.
-

2. Koordinering og samling av støttetjenester (selektivt og indikativt nivå)

→ *Redusere fragmentering og auke fagleg robustheit ved å samle støttetjenester (selektivt og indikativt nivå) som PPT, barnevern og helsetenester for barn og unge i eit felles fagmiljø. Dette kan organiserast anten gjennom vertskommunemodellen eller eit interkommunalt samarbeid. Det kan gjennomførast innanfor ulike samhandlingsmodellar slik som “familiens hus” eller “felles ambulerande fagteam”. PPT og barnevern er allereie i eit interkommunalt vertskommunesamarbeid.*

Fordelar:

- Betre ressursutnytting og reduserer sårbarheit i små fagmiljø.
- Betre kontinuitet i oppfølginga av barn og familiar.
- Styrker kompetanseutvikling og tverrfagleg samarbeid på tvers av kommunar og tenester.
- Betre oversikt for både innbyggjarane og interne og eksterne fagmiljø samt på kva for tenester vi har, og kva for tiltak ein har i kommunen (og eventuelt kva ein manglar i den enkelte situasjon).
- Gir brukarane betre tilgang på nødvendig kompetanse og tenester.
- Kan gjere det enklare for skular og barnehagar å finne riktig hjelp og kompetanse rundt kvart enkelt barn.
- Skaper nærleik til brukarane der det er behov og nødvendig avstand ved behov. Kan i tillegg avhjelpe ved habilitetsutfordringar i små kommunar.

Utfordringar:

- Kan medføre auka byråkrati viss ikkje organiseringa blir forenkla og har ein tydeleg struktur.
 - Krev felles retningslinjer for samhandling for å unngå ulik praksis mellom kommunane.
 - Krev god leiing og klare organisasjonsstrukturar for å ivareta tilstrekkeleg internkontroll.
-

3. Etablering av felles koordinerande eining

→ *Ei felles eining for koordinering av tenester retta mot barn og unge som samordnar arbeidet med barnekoordinator- og forløpskoordinatorfunksjonar. Dette kan sikre ei meir heilskapleg oppfølging av familiar med komplekse behov, samt sikre spesialisert kompetanse på feltet og avsette ressursar.*

Fordelar:

- Meir tilgjengelege og effektive koordinerte tenester.
- Større grad av profesjonalisering av koordinator-funksjonen.
- Familiar har éin kontaktperson å halde seg til.
- Kan bidra til raskare og meir treffsikre tiltak for sårbare barn.

Utfordringar:

- Krev avklaring rundt finansiering og organisering kommunane imellom.
 - Må sikre at dei lokale behova ikkje forsvinn i ei større eining.
-

4. Oppretting av ei felles styringsgruppe på oppvekstfeltet

→ *Kommunalsjefar frå dei tre kommunane får ansvar for det førebyggjande arbeidet på oppvekstfeltet gjennom ei felles styringsgruppe. Dette tiltaket føreset at tiltak 1 blir gjennomført.*

Fordelar:

- Sikrar ei heilskapleg og strategisk tilnærming til oppvekstfeltet.
- Gir betre samordning og felles beslutningstaking.
- Aukar moglegheita for å hente inn eksterne ressursar og finansiering.
- Kan vere ressursparande ved at ein prioriterer prosjekt og ressursar etter felles strategi og kan hindre mange parallelle prosjekt og prosessar samtidig.

Utfordringar:

- Må sikre at styringsgruppa ikkje blir ei ekstra byråkratisk eining utan reell myndigheit.

- Krev tydeleg mandat og ansvar for å unngå overlapp med eksisterande leiingsstrukturar.
 - Krev ein felles strategi/plan for arbeidet.
-

5. Samordning av førebyggjande planar

→ *Kommunane utviklar ein felles strategi for førebygging - med tydelege retningslinjer for samhandling og tidleg innsats – og ein felles førebyggjande plan. Planen må omfatte alle tenester på grønt nivå, og eit konkret utgangspunkt kan mellom anna vere UngData.*

Fordelar:

- Sikrar ei meir heilskapleg tilnærming til førebygging i heile regionen.
- Kan gi betre ressursutnytting og effekt av førebyggjande tiltak.
- Forenkler samarbeid med eksterne aktørar som fylkeskommune, spesialisthelseteneste og andre relevante aktørar.

Utfordringar:

- Krev politisk forankring og eigarskap i alle kommunane.
 - Må sikre at planen er fleksibel nok til å kunne tilpassast lokale behov og strukturar.
-

6. Opprette formelle samhandlingsarenaer

→ *Ei strukturert tilnærming til samhandling gjennom etablering av indre sirkel (universelle tenester) og ytre sirkel (støttetjenester/tenester på gult og raudt nivå) rundt barnet.*

Fordelar:

- Skaper tydelegare strukturar for tverrfagleg samarbeid.
- Hindrar silotenking mellom tenester.
- Gir betre flyt i informasjonsutveksling og tiltak.

Utfordringar:

- Må tilpassast kvar kommune sine eksisterande strukturar og derav er harmonisering ein føresetnad for å finne gode samhandlingsarenaer.
 - Krev leiing og oppfølging for å bli ein naturleg del av arbeidet.
-

7. Kompetanseheving på samhandling – felles kompetanseplan

→ *Ei felles, koordinert satsing på kompetanseutvikling i alle tre kommunane, med fokus på leiing, tverrfagleg samarbeid, førebygging og tidleg innsats.*

Fordelar:

- Gir tilsette betre føresetnader for å jobbe saman på tvers av tenester.
- Styrkar kvaliteten på tilboda til barn og unge.
- Kan gi auka motivasjon og utviklingsmoglegheiter for tilsette i små fagmiljø.

Utfordringar:

- Krev ressursar og tid til gjennomføring.
- Må organiserast på ein måte som sikrar kontinuitet og praktisk nytte.
- Kommunane er medlem i ulike samarbeid på noverande tidspunkt.

Fleire av tiltaka føreset at tiltak 1 blir gjennomført for å sikre god nok leiing og koordinering av tiltaka, samt for å sikre at det er klar ansvarsfordeling og klare myndighetslinjer i dei ulike tiltaka og at krava til internkontroll er ivaretatt. Dette betyr at Bygland kommune langt på veg er organisert på ein god måte for å gjennomføre dei neste tiltaka på lista.

5.4 Øvrige tiltak

a. Styrke samhandling øvst i dalen

→ *Etablere effektive kommunikasjonskanalar og plattformer for informasjonsdeling og ressursutnytting, for å sikre betre samhandling mellom dei tre kommunane.*

Dette kan inkludere:

- Regelmessige møte på tvers av kommunane for å koordinere tenester, evaluere tiltak og identifisere forbetningsområde.
- Digitale samhandlingsplattformer for deling av dokument, beste praksis, forskingsbasert kunnskap og faglege vurderingar.
- Felles rapporteringssystem som gjer det lettare å følge opp tiltak og vurdere effekten av tverrfagleg samarbeid.

Vurdering:

Dette tiltaket kan gi auka effektivitet, betre ressursutnytting og mindre variasjon i tenestetilbodet på tvers av kommunane. Likevel krev det investering i digitale løysingar, samt forankring hos leiinga i alle tre kommunane for å sikre at samhandlinga blir prioritert i det daglege arbeidet.

b. Felles opplæringsprogram og workshops

→ *Etablere ei systematisk tilnærming til felles opplæring for å styrke kompetansen og forståinga mellom ulike tenester.*

Dette kan innebere:

- Ein årleg "Setesdalskonferanse for oppvekst" for erfaringsutveksling, kompetanseheving og nettverksbygging mellom fagfolk frå ulike sektorar.
- Tverrfaglege workshops for tilsette innan oppvekst (barnehage, skule, Kultur og fritid), helse og barnevern for å skape felles forståing av førebyggjande arbeid.
- Kompetanseutvikling på samhandling, for eksempel ved å styrke ferdigheiter innan tverrfagleg samarbeid, relasjonsbygging og brukarmedverknad.

Vurdering:

Tiltaket vil kunne bidra til betre samarbeid mellom fagmiljøa og sikre ein meir heilskapleg innsats for barn og unge. Det kan også bidra til å redusere sårbarheita i små fagmiljø ved å styrke nettverket mellom tilsette i dei ulike kommunane. Ei mogleg utfordring er kapasitet og tid til å delta, derfor bør ein vurdere om delar av opplæringa kan skje digitalt.

c. Etablering av formelle fagnettverk

→ *Opprette faste, formelle fagnettverk med ansvarsfordeling og mandat for å sikre fagleg utvikling og kompetansedelning.*

Dette kan inkludere:

- Fagnettverk for helsesjukepleiarar, jordmødrer, skuleleiarar og barnehageleiarar, med jamlege samlingar for å diskutere utfordringar og løysingar på tvers av kommunane.

- Tverrfaglege nettverk der relevante yrkesgrupper samarbeider om problemstillingar knytt til barns oppvekstmiljø, for eksempel psykisk helse eller spesialpedagogikk.
- Ei felles koordinerande eining som sikrar at fagnettverka jobbar målretta og oppnår reelle forbetringar i tenestene.

Vurdering:

Formelle fagnettverk kan styrke fagmiljøa og redusere sårbarheita i små kommunar. Det vil også gi auka kvalitet på tenestene ved at tilsette får fagleg støtte og tilgang til kompetanseutvikling. Ei utfordring kan vere å sikre tilstrekkeleg tid og ressursar til å drive nettverka, noko som kan løysast ved å strukturere møta godt og integrere dei i eksisterande arbeid.

d. Felles strategi i forhandlingar med fagmiljø

→ *Bykle, Valle og Bygland bør stå samla i forhandlingar med regionale og nasjonale aktørar for å styrke tenestetilbodet lokalt.*

Dette kan innebere:

- Forhandle saman om gode avtalar om større samarbeid med fleire kommunar rundt dei sårbare tenestene slik som PPT og barnevern (som skal tilby spesialistkompetanse og administrasjon innanfor sine fagfelt).
- Felles avtalar med spesialisthelsetenesta for å sikre tilpassa tenester i regionen.
- Samordna dialog med fylkeskommunen om tilbod innan vidaregåande opplæring og karriererettleiing.
- Avdelingsstruktur for utvalde tenester, der kommunane deler på ressursar og administrasjon for å sikre betre tilgjengelegheit og kontinuitet.

Vurdering:

Ein felles strategi kan styrke kommunane sin forhandlingsposisjon, og sikre betre tilgang til spesialiserte tenester og betre avtalar med andre kommunar rundt tenester og tiltak kommunane ikkje sjølv har. Avdelingsstruktur kan gi større fagmiljø og meir robust kompetanse, men det er viktig at den geografiske organiseringa sikrar at innbyggjarane framleis opplever nærleik til tenestene.

6. Vedlegg

6.1 Interkommunalt samarbeid i Agder ([NIVI-rapporten 2024:2](#)):

160 formelle samarbeidsordningar: I Agder er det registrert 160 interkommunale samarbeidsordningar mellom 25 kommunar. Samarbeidet er omfattande og prega av ei rekke prosjekt og fagnettverk i tillegg til dei formaliserte avtalane. Dette inneber over 100 ulike arenaer for fagleg utveksling. Det interkommunale samarbeidet er til stades på ulike geografiske nivå og dekkjer alle sektorar, med samarbeid både mellom kommunar, med fylkeskommunen og med staten.

Lite variasjon i samarbeidsomfang: Talet på samarbeidsordningar per kommune varierer lite, med gjennomsnittleg 40 ordningar per kommune. Lindesnes har det lågaste med 33, medan Vegårshei har det høgaste med 44. Samarbeidet er relativt likt på tvers av kommuneregionane i fylket, uavhengig av kommunestorleik. Bykle og Valle har eit omfattande samarbeid rundt helsetenestene og er det næraste ein kan kome ein helsekommune på tvers av kommunar i Noreg.

Fire geografiske vippekommunar: Visse kommunar, som Åseral, Iveland, Evje og Hornnes samt Hægebostad, fungerer som vippekommunar, då dei deltek i mange samarbeidsordningar på tvers av kommunegrensar. Kommunane lengst aust i Agder har derimot færre slike ordningar. Agder blir rekna som eit homogent fylke med lite interaksjon på tvers av fylkesgrensene.

Aktiv deltaking frå fylkeskommunen: Agder fylkeskommune deltek i 18 interkommunale samarbeidsordningar og er involvert i fleire viktige prosjekt, som IKT Agder IKS, som har over 50 000 brukarar. Fylkeskommunen er også aktiv i fagnettverk og prosjektbasert samarbeid med kommunane.

Moderat fornying og liten effekt av samanslåingar: 62 % av samarbeidsordningane er etablert etter år 2000, og mange av dagens IKT- og velferdstenestesamarbeid blei grunnlagt etter denne perioden. Kommunesamanslåingar har hatt avgrensa effekt på omfanget av interkommunalt samarbeid; få ordningar er blitt nedlagde som følgje av samanslåingar.

Varierende grad av samarbeid om oppgåver: Kommunane deltek i varierende grad i samarbeidsordningar avhengig av oppgåveområdet. Alle kommunar er med i samarbeid om 13 sentrale oppgåver, til dømes revisjon og barnevernvakt. Samarbeidet er derimot mindre vanleg for visse helse- og omsorgsoppgåver, administrative støttefunksjonar og tekniske tenester. NAV og barnevernstenesta er mest omfatta av interkommunale samarbeid i Agder.

Økonomisk innsparing og kvalitetsgevinstar: Interkommunalt samarbeid har ført til økonomiske og kvalitative fordelar. Til dømes har Agder kommunale støttetjenester (AKST), som dekkjer Arendal og Grimstad, redusert behovet for heiltidsstillingar med 21 % og auka inntektene frå sjukepengar og foreldrepenge. Potensialet for innsparingar ligg mellom 10-30 % for liknande oppgåver.

Utfordringar og anbefalingar: Det er lite formalisert samarbeid om enkelte viktige oppgåver, særleg innan helse, samfunnsplanlegging og miljø. Mange av samarbeidsordningane er fragmenterte, med ulike løysingar for nærliggjande tenester. Rapporten anbefalar ein overgang til eit meir organisert interkommunalt samarbeid, basert på fire faste kommuneregionar: Østre Agder, Region Kristiansand, Setesdal og Lister. Det blir også foreslått å formalisere samarbeid om inntil 20 % av kommunane sine kjerneoppgåver.

Effektivisering og forvaltningsprinsipp: For å møte økonomiske utfordringar blir det foreslått å effektivisere ressursbruk gjennom forenkling av dagens struktur og auka bruk av digitale verktøy, inkludert kunstig intelligens. Rapporten legg fram fire forvaltningsprinsipp som grunnlag for framtidig samarbeid, inkludert solidaritet mellom kommunar og funksjonelle regionale løysingar.

Behov for dialog og regional styrking: Kommunane blir anbefalt å vurdere eigen berekraft som generalistkommunar, med ei oppfordring til tettare samarbeid innan definerte regionar. Det blir også foreslått regionale initiativ for å styrke sårbare kommunar, spesielt i Setesdal, som blir rekna som den mest sårbare regionen i Agder.

Dette samandraget gir eit innblikk i kompleksiteten og omfanget av interkommunalt samarbeid i Agder, samt dei utfordringane og moglegheitene som er identifisert i rapporten.

6.2 «Kartleggingsrapport Barnevernsreforma - oppvekstreforma» (2022):

Kompetanse i tenestene:

- Høg formalkompetanse innan helse, sosial og pedagogiske fag på grønt nivå i tenester for barn og unge.
- Bykle og Valle har høg kompetanse innan psykisk helse og rus; Bygland har lågare nivå og manglar psykologar.
- Det er generelt god grunnkompetanse i skular og barnehagar, men få har tilleggskompetanse innan førebygging.

Utfordringar i tenestetilbodet:

- Emosjonelle og åtferdsproblem er vanlege utfordringar for barn og unge.
- Manglar systematiske tiltak for aldersgruppa 0-5 år og tiltak mot ufrivillig skulefråvær.
- Svak tilgang på tenester frå familievernet og mangelfulle tilbod om foreldrerettleiing kan eskalere problema.
- Manglande fokus på førebyggjande arbeid.

Organisering og samarbeid:

- Manglande styring og koordinering hindrar utvikling på oppvekstfeltet.
- Mange mellombelse tilsette skaper sårbarheit for kompetansetap og manglande kontinuitet.
- Utilstrekkeleg samarbeid og formalisering mellom tenester.

Anbefalingar:

- Vurdere eit felles prosjekt for betre organisering og koordinering på tvers av kommunar.
- Styrke systematisk arbeid for risikoutsette barn og unge, inkludert førebygging av omsorgssvikt.
- Heve kompetansen på førebyggjande arbeid og leiing på oppvekstfeltet.
- Auke fokus og tiltak på alle førebyggingsnivå og sikre eit heilskapleg, tverrfagleg tilbod.

6.3 Generalistkommuneutvalget ([NOU 2023:9](#)):

Utvalet vurderte alternativet til generalistkommunesystemet, nemleg oppgåvedifferensiering, men anbefalar å behalde dagens system og prinsipp om generalistkommuneprinsippet med justeringar. Behovet for tiltak skuldast samfunnsutfordringar der den demografiske utviklinga endrar seg slik at vi får fleire eldre enn barn, og eit generelt press på kommunane sin tilgang til kompetanse, økonomi (mindre skatteinntekter) og det generelle tilbodet om velferdstenester til den større andelen eldre.

Hovudtiltak:



1. **Oppgåvedifferensiering:** Vurdert som ei løysing for små kommunar med avgrensa kapasitet, men avvist som hovudstrategi på grunn av ulemper knytt til ulikt ansvar og svekka demokratisk ansvarlegheit.
2. **Større kommunar:** Anbefalt tiltak for å styrke generalistkommunane ved å auke kapasitet og sikre nødvendige fagmiljø. Dette kan redusere behovet for interkommunalt samarbeid og statleg detaljstyring.
3. **Interkommunalt samarbeid:** Sett på som eit nødvendig verktøy, med oppfordring til meir langsiktig og fast samarbeid for å sikre betre tenestekvalitet.
4. **Redusert statleg styring:** Ønskjer mindre detaljstyring frå staten for å gi kommunane større handlingsrom til lokale prioriteringar. Anbefalar at staten rettleier og tilretteleggj betre.
5. **Oppgåveflytting:** Ikkje anbefalt å flytte oppgåver frå alle kommunar til fylkeskommunane eller staten, då dette kan svekke lokalt sjølvstyre og auke avstanden til tenestene for innbyggjarane.

Samandrag av anbefalingar frå generalistkommuneutvalet:


1. Generalistkommunesystemet skal vidareførast, utan bruk av oppgåvedifferensiering eller overføring av oppgåver til fylkeskommunar eller staten.
2. Større kommunar blir anbefalt som hovudtiltak for å auke kapasitet og kompetanse. Utvalet støttar ein aktiv politikk for samanslåing av kommunar, inkludert økonomiske insentiv og betre styring av slike prosessar.
3. Interkommunalt samarbeid bør styrkast, med betre rettleiing og økonomisk støtte, spesielt innan planlegging. Pålagt samarbeid kan vurderast i spesielle tilfelle.

4. Redusert statleg detaljstyring blir anbefalt for å gi kommunane større lokalt handlingsrom. Statlege krav bør vere proporsjonale, og kommunane må framleis ivareta innbyggjarane sine rettar.
5. Statleg tilrettelegging bør styrkast, med meir støtte til kommunane, særleg i form av kunnskap og data, tilpassa lokale behov.
6. Ein oppfølgingsordning for sårbare kommunar med vedvarande utfordringar bør vurderast, men dette møte motstand frå mindretalet i utvalet.
7. Det er viktig med føreseielege rammer og eit inntektssystem som ivaretek generalistkommunane.
8. Fylkeskommunane bør styrke si rettleiingsrolle for kommunane, særleg innan planlegging og samfunnsutvikling.
9. Kommunal opplæring bør betrast for å sikre god styring og leiing.
10. Innovasjon, digitalisering og samarbeid med lokale aktørar må intensiverast.
11. Ein heilskapleg bustad-, utdannings-, nærings-, og distriktpolitikk er viktig for å støtte utvikling i heile landet.
12. Staten bør ha eit spesielt fokus på dei mest sårbare kommunane i nord.

6.4 Organisasjonskart / intern organisering av oppvekstfeltet:



Oppvekstfeltet i Bykle kommune - organisering



Prosjektrapport

Levert til styringsgruppa 19. mai 2025



Valle kommune
Postboks 4
4746 Valle

Sentralbord: +47 37 93 75 00
E-post: post@valle.kommune.no
www.valle.kommune.no
